

Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
NR. 1 – MARS 2007 – 10. ÅRGANG



Klart for stølskonferanse:

"Stølen – bondens gull"

Norsk Seterkultur i samarbeide med Regionrådet i Valdres, Fylkesmannen i Oppland og Norsk Bonde- og Småbrukarlag arrangerer verdiskapings-konferansen "Stølen – bondens gull" 19. og 20. mai 2007, Quality Hotell, Fagernes.

Konferansen vil sette fokus på stølen som grunnlag for økt inntjening for bonden. Kan samhandling mellom reiseliv, næringsliv, kultur- og frilufsorganisasjoner og stølsbrukeren gi en slik effekt? Ulike måter å gjøre dette på blir presentert. I tillegg kommer inspiratorer som Ingebrigt Steen Jensen og Arne Hjeltnes. Opphold og deltaking er svært rimelig, fra kr. 100 til kr. 450 alt etter hvor mye av konferansen man ønsker å delta på.

Se program side 7.



Neste Seterbrukaren

kjem i juni – med frist for stoff og foto 20. mai. Vi minner om at vi gjerne omtalar seterarrangement som er planlagt utover sommaren.

Marknadsfør setra di!

På www.seterkultur.no har vi ein "teig" for marknadsføring av setre, seteropplevingar og seterprodukt – under tittelen "Til seters". Kort informativ tekst og eit par foto, så ordnar vi resten slik at tilboda når ut til langt fleire. Kostnaden er medlemskontingent på kr. 300,- - billegare opplegg for profilering/marknadsføring er det vanskeleg å finne!

Vinnar av

fyotokonkurransen

Kjersti Reksen Sole er kåra tilo vinnar av fyotokonkurransen som vi utlyste i 2006, med biletet som pryda forsida av Seterbrukaren nr. 3/06. Vi gratulerer med ein bokpremie! Og vi utlyser umiddelbart ny konkurranse, finn fram dei gode seterbileta – på papir eller digitalt og send dei til Norsk seterkultur!

Konferansen

på Fagernes 19.-20. mai (sjå programmet side 7) er årets viktigaste arrangement for seterbrukarar og alle andre seterinteresserte dette året. Nytt høvet til å få fagleg påfyll og ny kveik til innsats for norsk landbruks utstillingsvindu nr. 1!

Styret:

Geir Grosberg, leiar
2640 Vinstra. Tlf 92892665.
ggrosber@online.no

Oddveig Eggen
2550 Os i Østerdalen Tlf. 62497186

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 JondalTlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55
odar-esp@online.no

Stein Brubæk, 6636 Angvik,
tlf. 71292732
sbrubaek@c2i.net

Gjermund Stormoen.TINE BA,
Pb 25, 0051 Oslo
Tlf 22938800
gjermund.stormoen@tine.no

Varamedlemmer

Wenja Rui, 3864 Rauland, tlf. 35 07 31 20 / 906 61715
Elin Rønning, Meråker, 7530 Meråker – Tlf. 90 96 74 60
Marit Hoel, Skrenten 7D, 6411 Molde – Tlf. 71 24 46 04

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS

Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Framsidedfoto: Geir Grosberg. (Bildemontasje)

Tankar i tida

I skrivande stund, ikkje så lenge etter årsskiftet er det naturleg å tenkja attende på året som ligg bak, samstundes med at ein lurar på kva som ventar i året som kjem. Dei fleste av oss har tankar om det som hender i den store verda og vårt eige land. Men nærleiken er tettare til distrikta, heimbygda og det me til dagleg er opptekne med på vår eigen gard. Regn og ruskever er det me har vore mest opptekne med på Vestlandet i lang tid. Hugsar ikkje kva tid eg sist såg sola.

lalle fall ikkje sett ho etter 16. oktober, då forsvinn ho bak fjella og viser seg ikkje att før 26. februar. Nyttar ikkje å verta langsur om det regnar, ikkje berre i dagar og veker men i mest tre månader i strekk. Får tenkja positivt, det er mørkaste årstida med korte dagar for utarbeid. Vera glade til at ikkje alt dette regnet kom i sumar, reknar og med at me har noko til gode til komande sumar.

Her på garden har me kalving i oktober, så er det inseminering i januar. I år er det vist det beste resultat me har hatt, av 16 inseminerte tok 14 etter fyrste insemineringa. Kanskje ruskeveret skal ha æra av det, betre å gå inn i eit varmt fjøs og fylgja med på kva som går føre seg der enn å gå på utarbeid og verta gjennomvåt. Sjølv om det i skrivande stund er kvitt ute har me ikkje hatt snø her. Har ikkje hatt snøbrøyting, ikkje eingong hatt kjettingar på traktoren. Skogsarbeid har det vorte dårleg med, men veden til husbruk er sikra for neste vinter. Februar og mars er ei travel tid på fleire vis. Tid for årsmøte i faglag, produsentlag, forsøksringen, avløysarlag, stølsvegslag og alt mogeleg anna.

Og så er det tid for årsoppgjær - like spanande kvart år. Dårlege tider i landbruket, kjøper maskiner og utstyr likevell!

Vil ikkje vera dårlegare enn naboen. Tala på sjølvmeldinga - kor viktige er dei? Tid for influensa er det óg, har visst herja over Austlandet, og er komen vestover. Då eg var landbruksvikar for mange år sidan, herja "Hong Kong" sjuka. Hadde travle dagar, bøndene låg strekk ut, tok fjøsstell på to gardar med ku + ein med sau. Fekk ei råd av gamle Signe, slik at eg skulle halda meg frisk. Vask hendene dine når du er ferdig ein stad og skyll munnen din med ei spiseskjei Cognac så held du deg på beina. Godt det var lite trafikk-kontroll i den tida, og lensmannen i bygde var forresten ein av dei som var mest angrepen av influensaen. Gjekk godt lenge, så vart det ein 10 dagars tur til "Hong Kong" for meg og!

Odd Arne



Hei alle medlemmer!

Valkomiteen vil svært gjerne ha forslag på medlemmer til styret, vara og valkomite.

Fristen er 20 april 2007. På førehand takk!

Helsing valkomiteen.

Pål Aukrust, leiar, 2550 Os i Østerdalen. Tlf.62497051 e-mail kari.osmoen@roros.net

Søsse Brataker, 3577 Hovet. Tlf.32089666 mob.99246969 e-mail ha-brata@online.no

Even Hov, 5745 Aurland. Tlf.47664045 eller arb.Sogn Jord og Hagebruksskule Tlf.57632650.

Fjellferie for funksjonshemmet barn - Hva kan setrene by på?

Norsk seterkultur får mange spørsmål om hva setrene har å by på av tilbud for ferieopphold. Flere spør om mulighetene for "aktiv ferie", gjerne å få bo og være en del av seterlivet mot å gjøre en arbeidsinnsats. Tilbud for barn er etterspurt, og nylig fikk vi spørsmål om fjellferie for et funksjonshemmet barn – sammen med foreldrene.

Barnet setter stor pris på kontakt med dyr, ellers er muligheter for turer og å få bo litt avskjermnet, blant ønskene – fra en familie som ellers er vant til fjell-liv og som gjerne kan yte en arbeidsinnsats på setra. Om noen har et passende tilbud, kontakt Norsk seterkultur, seter@seterkultur.no eller 70 25 91 77



Dyra på setra setter pris på besøk.

Seter som kultur og næring

- AV ODDVEIG EGGEN -

Et interregprosjekt som skal legge grunnlaget for et bredt samarbeid mellom Nord-Østerdalen, Dalarna og Värmland for å ivareta, utvikle og formidle seterkulturen er satt i gang i regi av blant andre Norges Vel, Hedmark fylkeskommune og länsstyrelsen i Värmland og Dalarna. I 2003 ble de første henvendelser fra svensk side tatt, og det ble holdt noen felles møter der grunnlaget ble lagt for et videre samarbeid og et forprosjekt er nå i gang.

Den 8. og 9. februar ble bl.a. noen setereiere invitert til ei nettverksamling i Transtad i Sverige med tanke på at vi skulle være med å påvirke utformingen av en mulig satsing på dette feltet. Områdene har mange felles utfordringer og mange felles trekk noe som er naturlig da det i tidligere tider var mye kontakt over grensen med bl. a. lasskjørere til Rørosmart'n på handel.

MYE FELLES

Av felles trekk kan nevnes tradisjoner med Rørosku og fjellko og andre spesielle kuraser, litt byggeskikk, spesielt like ved grensen og seter som ord brukt på begge sider. Svenskene har kommet langt i turisme og nisjeproduksjon i setersammenheng, men jordbruket er også sterkt prega av "förgubbing". 75 % av gardbrukerne i Dalarna var over 60 år! Noen av de som var med på samlinga var unge jenter med en god portsjon idealisme og de har ofte annen jobb om vinteren. De fortalte at de leier seg 2-3 kyr, noen geiter og reiser til seters for å produsere ost som de selger hovedsakelig til turister. Her i Norge er det som kjent veldig strengt med godkjenning fra mattilsynet for salg av produktene, men der selger de både fra setra og i butikk uten å ha godkjenning!

Det er kun 220 aktive setrer igjen i hele Sverige, men det er vel den veien det går i Norge også hvis utviklinga får fortsette med stadig større bruk og store samdrifter?

Landbrukspolitikken i Sverige ble karakterisert som veldig byråkratisk, komplisert, uforutsigbar og kostbar, med mange ansatte i Länsstyrelsen. Det er ulike vilkår i forskjellige fylker, og det kommer stadig nye direktiver fra Brüssel. Det blir også forespeila at støtten ville gå ned nå som flere land har blitt med i EU. Mye av setrene, skogen og områdene rundt setrene er eid av det offentlige. Det ble gjort avtaler på en 5-års periode med myndighetene på jordbruksdrifta. Hvis avtalen blir brutt før 5-års perioden er omme (for eksempel graviditet, sykdom)



Seterdrifta setter sterkt preg på fjellområda i Nord-Østerdalen.



Koselig seterbu - frå Sättåhaugen i Vanngrøftdalen-

må all støtte de har fått gjennom perioden betales tilbake.

Rovdyrpolitikken er også et betent tema. Spesielt ulven er et stort problem og rovdyrerstatningene skal bort i 2007, det skal satses på forebyggende tiltak. Mange har måttet slutte med dyr i skogen, det er for eksempel svært lite sau på utmarksbeite i Sverige.

Regjeringen har satt opp miljøkvalitetsmål og det blir lagt stor vekt på å holde kulturlandskapet oppe. 7700 kr. pr. ku pr. år blir gitt uten at det blir forlangt produksjon i det hele tatt, kravet er at de skulle bruke utmarka. En bonde som har fjellku som kjøttfe fortalte at han ikke hadde satt kalver på buskapen de siste 3-4 åra fordi det ikke lønte seg.

Kjøttprisen har vært nede i 6 kr. pr. kilo, 90 kr. for ei kvige! Kostnadene med bedekking osv. ble større enn inntektene av kjøttet! Misnøyen er stor også i Sverige, hva med stoltheten til yrket, fagpersoner og kritiske røster fra resten av samfunnet?

På samlinga ble det også fokusert en del på det biologiske mangfoldet og stadig flere interesserer seg for å bevare og opprettholde lokal og tradisjonell kunnskap / kultur. Alt biologisk mangfold er knyttet til bruken av marka, vi får håpe flere av våre politikere får opp øynene før det er for sent!

Neste samling blir i Norge etter påske. Det skal bli interessant å se hva vi får ut av prosjektet!

Småbrukar, seterbrukar, redaktør,

Alle desse titlane og fleir til passar på Anne Saglien, brukar på garden Rustom i Kvam i Gudbrandsdalen. Men skulle ho sett tittel på seg sjølv, så ville ho nok valgt kulturbærar.

AV GEIR GROSBERG

Garden driv ho saman med mannen Kåre. På garden produserer dei mjølk og kjøt. Be-setningen består av kyr av rasene Dølafe og Sidet Trønder og Nordlandsfe, og ho kan rekkje slekta på kyrne attende til 60 talet. I tillegg har dei tre høglandsfe. Rustom har seter på seterstulen Klevstadlykkja på Kvamsfjellet, 12 kilometer frå garden. Dei er dei einaste som no driv med aktiv setring på Kvamsfjellet.

KULTURPRIS

For arbeidet sitt med dei gamle storferasane, da spesielt med Dølafeet og som redaktør av Dølafenytt, fekk Anne Saglien Nord-Fron kommune sin kulturpris for 2006. Anne seier at det var ei stor overrasking da dei ringte frå kommunen for å fortelja ho nyheita. Anne medgjer at ho vart både kry og takksam da ho fekk beskjeden. Og ho seier at ho og vart takksam på vegne av alle gardbrukare. Ho ser på det som ei anerkjenning av det arbeidet som blir lagt ned rundt om på dei mange gardane i vårt langstrakte land, og i sær det arbeidet mange gjer med å ta vare på dei gamle husdyrrasane.

Anne Saglien har vore medlem i Norsk Seterkultur sidan organisasjonen vart starta, og aktiv seterbrukar sidan dei kjøpte garden i 1986. Når eg spør om ho trur at seterdrifta har noko innverknad på at ho fekk kulturprisen, så svarar ho ja til det. Setra ligg i eit av Nord-Fron kommune sine tyngste utbyg-



Anne Saglien.

gingsområder for hytter, og det at hyttefolket dagleg ser kyrne til Anne har nok hatt innverknad på at ho fekk denne prisen seier ho. Anne har ikkje organisert opning av setra si, men tek i mot dei som vil sjå innom med opne armar. Og det er når ho kan fortelja om seterdrifta og dei gamle kurasene at ho verkeleg kjenner seg som ein kulturarbeidar, seier ho med smil om munnen og ein lengsel mot ein ny sumar på setra. Mang ei byfrue har nok vorte kvitt sin angst for "de

olme beistene som gresser langs veien", og mang ein nyskjerrig unge har nok fått sin første kjennskap til norsk landbruk nå dei har vore innom gjerdet på setra til Anne. For turistane på Kvamsfjellet er nok Anne og kyrne hennar eit eksotisk innslag i sumardagen, og omgangen med hyttebuarane synes Anne er grei.

Men trass i ein god omgangstone med hyttefolket synes Anne at kommunen bør roe utbyggingstempoet noko. Ho meiner at dersom utbygginga blir for omfattande, så vil det gjera opplevinga for turistane mindre verdfull, naturen blir utsett for store påkjenningar, og det kan på sikt bli vanskelegare å drive på setra. Ein tilsett i kommunen hevda at ho var ei plåge for dei med sine innsigelser på utbygginga på Kvamsfjellet. Vi får tolke tildelinga av kulturprisen også som ein aksept for arbeidet ho gjer med å "plage" teknisk etat i kommunen.


VINTERSETRING

Attende i tid var vintersetring mykje brukt i Gudbrandsdalen. Om ikkje Anne har teke opp att denne tradisjonen, så har ho denne vinteren vore mykje på setra. Lange og travle arbeidsdager gjennom mange år har gjort at ho har funne behov for å ta det litt rolegare i vinter. Med dyrestellet heime har ho hatt god hjelp av familie og ein afghansk krigsflyktning. Det har gjort at ho saman med katten,



Klevstadlykkja på Kvamsfjellet.

dagdrømmer, medmenneskje...



Anne i arbeid i fjøset.

nokre høner og tre kyr av rasen høglandsfe, har kunne vore på setra og samla krefter til nye arbeidsoppgåver. Eg kjenner børa dett av meg når er køyrer vegen opp mot setra seier Anne. Den kjensla er det vel mange av oss som har kjent. Den beste stunda på setra, er når eg får fyr i omnen om morgonen, og kan sjå dagen vakne fortel Anne. Og ho seier det på ein slik måte at vi ser det heile framføre oss. Anne i stolen ved omnen, med katten på fanget, og nattemørkret ute som må vike for morgonrauden. Slikt kan ein oppleva berre på ei seter.

DRAUMAR

Anne har draumar. Som det medmenneskje ho er, vonar ho at ho ein dag skal kunne bruke garden til å ta i mot dei som har det

vanskeleg i samfunnet. Grøn omsorg er noko ho brenn for, og som ho vonar å få realisert i åra som kjem. Sjølv om ho nærmar seg dei 50, så har ho mange år framfor seg seier ho. Redd for nye oppgåver er ho ikkje. Med grøn omsorg vil både garden og dyra få større verdi held ho fram. Ho er nok inne på noko vesentleg der.

Setra har ho og ein draum om å gjera noko med. Foredling kjem ho ikkje til å satse på, men ho vil nok prøve å få til eit opplegg der ho kan få formidla kunnskapen og miljøet knytt til ei seter. Tenk, seier ho, kva folk går glipp av som ikkje får oppleva seterlivet. Det er ikkje vanskeleg å seie seg einig i det. I vår rotlause tid blir slike tiltak viktige.

Slike som Anne har stor verdi, ikkje berre for landbruket, men og for storsamfunnet. Anne er med på å formidle verdier som held på å gå tapt i vårt modere, oppjaga samfunn. Kulturbærarar som Anne gjer kvardagen rikare for kvar og ein av oss. Det gjer godt å kunne møte slike som Anne.

Kan du framleis sjå føre deg budeia i stolen attmed omnen, med katten på fanget, som helsar ein ny dag velkomen? Eg kan, og eg trur ikkje eg blir av med det heller.

Kyraregla

No eit rim eg seia ve om kyrne som i Fredda e' dei er nett lik du og eg kvar dei har sit eige preg.

KRANSELIN er stor og lang og ho står nok høgt i rang store horn ho også har og juret mest på marka drar

BLOMLIN ber bjølla kry men ho er litt redd og sky elles er ho god som gull og ho mjølkar bytta full.

HEIDI kvikk i snuen er svart er stakken som ho ber ho sine eigne vegar drar kvite sokkar og ho har.

BLIROS ho er fin og nett vegen går ho raskt og lett ein klapp og fleire ho likar godt til ro ho går når det er nott.

BLIKOLL ho er nokså morsk ho er både sein og dorsk som ein sjef ho fram seg buktar og dei andre vil ho tukta.

BASELIN er lett på fot og ho mjølkar nokså godt ho tråvar på nett som ein hest og mjølet godt ho likar best.

LINDEROS er treg og sein rundt ho går på stive bein når dei så til beites fer alltid siste mann ho er

STJERNA ho er silkeglatt det i henne skine radt når ho ut or floren gå alltid då ho skita må.

FAGERLIN er lunefull stundom finne ho på tull ho med halen sveiva på og so har ho spenar små.

GULLROS yngst i flokken gjeng og ho ser seg redd ikring dei andre henne tukta må ho fyrst i flokken helst vil gå.

FERMROS er mest anonym men ho er eit vakkert syn raud og kvit på let ho er fint og verdig ho seg ter.

Det er kyrne som i år i sommar oppå stølen går dei har gitt oss smør og prim og meire slikt som går på rim.

*Or boka "LIVET"
dikt av Erling Vik*

En smak av Fjell-Norge

Husdyrbrukere i Valdres, Nord-Østerdal og Hallingdal blir invitert til å være med i prosjektet som starter i år. Prosjektleder Tor Lunnan ved Bioforsk Øst Løken i Valdres trenger tre bruk i hver region, og skal gjøre omfattende registreringer på artssammensetning og beiteopptak, kombinert med fettysresammensetning og smak/kvalitet på kjøtt og mjølk. Spørsmålet er om det kan dokumenteres at kjøtt og mjølk fra fjellbeite er sunnere og bedre. I så fall blir neste spørsmål hvor mye bonden kan ta ut i merpris, og hva som skal til for at en slik driftsform kan konkurrere med dagens bulkproduksjon. Prosjektet går i regi av Bioforsk Midt-Norge i Stjørdal, som har det nasjonale fagansvaret for grovfôr og kulturlandskap. Men den praktiske prosjektdelen hører både faglig og geografisk til Bioforsk Øst sine avdelinger Løken i Valdres og Sæter i Nord-Østerdal, som dermed er sterkt involvert i det femårige prosjektet som starter i år.

Modell Alpejordbruk

-Det er ikke gjort så mange studier på disse problemstillingene. Men i Europa viser forskning at mjølk produsert i alpine har en annen kvalitet sammenliknet med lavlandet. Dermed kan bøndene kompensere en mer arbeidskrevende og kostbar driftsform ved å ta ut en merpris på produktene. Alpebøndene har lange tradisjoner med å produsere lokale oster, hvor kvalitet, tradisjon og miljø er deres strategi for å kunne ta en høyere pris. Tor Lunnan mener at norske fjellbønder også har slike muligheter, selv om vi ikke har de samme ostetradisjonene som Sveits og Østerrike.

Beite påvirker smak

Bioforsk sitt prosjekt skal registrere kvalitet på både mjølk og kjøtt. I tillegg har Tine et brukerstyrt prosjekt som går nærmere inn

på mjølkekvalitet ved ulike beiter.

-Det er en sammenheng mellom beite og smak/kvalitet på mjølk og kjøtt. Utenlandske forskning viser at fjellbeite gir en mer gunstig sammensetning av fettsyrer i mjølk i forhold til vanlig beite. Det samme vil vi undersøke her, og dermed må vi følge tett på hvilke beiteplanter som kua forsyner seg med på de ulike beiteene. For registreringer på kjøtt skal det brukes kastrater.

Kulturlandskap og økonomi

Dermed blir beiteplanter og kulturlandskap en viktig del av prosjektet. Forsker Ann Norderhaug ved Bioforsk Midt-Norge Kvithamar leder denne delen. Det blir også opprettet en stipendiatstilling til prosjektet, som har fått bevilget sju millioner kroner. Den viktigste delen kommer fra Forskningsrådet sitt Matprogram.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) får også en viktig rolle, da de skal gjøre økonomiske analyser av ulike driftsformer. Spørsmålet er hvordan en mer ekstensiv driftsform med setring og bruk av utmark kan konkurrere med en mer intensiv bulkproduksjon på kjøtt og mjølk.

-Vi må finne lønnsomme driftsformer. Et viktig spørsmål blir hvor mye merpris bonden må ha for at de tradisjonelle driftsformene med stølsbruk og beiting i utmark skal bli mer lønnsomt. Det er også et spørsmål hvilke produkter som kan selges, og i hvor stor grad det kan dokumenteres at mjølk/kjøtt produsert på utmarksbeite har en annen og bedre kvalitet, sier prosjektleder Tor Lunnan ved Bioforsk Øst Løken.

Grønt Spatak 2007

Hver sommer siden 1993 har rundt femti ungdommer vært utplassert på seter, gård eller i et beitelag gjennom prosjektet "Grønt Spatak". Dette er et samarbeid mellom Natur og Ungdom, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norsk Seterkultur. Også i år skal ungdommer mellom 16 og 25 få tilbud om å komme vekk fra byen og opp på fjellet for å være med å drive setra i noen uker. Til dette trenger vi engasjerte bønder som kan være vertskap for de unge Spatakistene.

Synes du det er viktig at miljøinteresserte ungdommer får et innblikk i hvordan det er å produsere mat på en miljøvennlig måte? Har du spennende og utfordrende oppgaver som trengs å gjøre på setra i sommer og har du mulighet til å gi god oppfølging?

I så fall trenger vi deg!

Vi trenger vertskap fra juni til midten av august, de fleste ungdommene ønsker å dra to eller tre samtidig. Deltagerne må være utplassert minst ti dager og den nedre aldersgrensen er på 16 år. som vertskap er du ansvarlig for kost, losji og at ungdommen får et spennende opphold. Kostnade utover mat blir dekket av prosjektet.

For mer informasjon og påmelding gå inn på www.smabrukarlaget.no/grontspatak eller ta kontakt med Grønt Spatak-koordinatoren på spatak@nu.no eller 23 32 74 00



Øystre Slidre foto: Tor Harald Skogheim

Stølskonferanse

Stølen -bondens gull! 19. - 20 mai arrangerer Norsk Seterkultur, Norsk Bonde og Småbrukarlag, Fylkesmannen i Oppland og Regionrådet for Valdres, nasjonal stølskonferanse på Fagernes.

Tema for konferansen er:

Hvordan kan mat, opplevelser og kulturlandskap knytta til stølen gi økt økonomisk gevinst for stølsbrukerne?

Her samles de som driver støl, sympatisører og fagfolk for å sammen finne ut hvordan tradisjon, kultur og stølslandskap kan reddes i en tid med giengroing og "effektivisering" av landbruket. Seminaret vil fokusere på verdiskaping i stølsområdene.

Meld dere på raskt, det er begrenset plass!

Konferansen fokuserer på hvordan vi kan få mer verdiskaping ut av stølsområdene sier kulturminnekonulent i Regionrådet for Valdres og fylkesleder i Oppland Bonde og Småbrukarlag; Katharina Sparstad.

Valdres er det området i Norge med flest støler i drift, og derfor er vi glade for at Norsk Seterkultur vil legge dette seminaret hit. Utmarksbeiter og stølsdrift er en forutsetning for produksjonen på mange av de små gardene. Samtidig ligger det et uutnyttede potensiale i forhold til reiseliv og opplevelser. Mange besøkende er overlykkelige for å få lov å besøke en støl, sier Sparstad.

Katharina Sparstad driver selv støl, og vet hva hun snakker om. Men det er viktig at tilretteleggingen er bygget på premissene som ligger i ekte stølsdrift. Det er landbruket og naturgrunnlaget som må være i fokus dersom vi skal tilby kvalitetsprodukter fra stølen. Opplevelsesturisme basert på levende stølsdrift skiller seg fra opplevelsesparker ved at det er driftsformen og kulturavnen som er utgangspunktet for opplevelsen, ikke omvendt. Jeg ser at mange besøkende setter pris på å få oppleve noe som er ekte, sier Sparstad.

Stølen – bondens gull

Den nasjonale stølskonferansen 19. – 20. mai 2007
Quality Hotell & Resort Fagernes

Program

Laurdag 19. mai

- Konferansierar: Ole og Knut Aastad Bråten
Kl. 12.00 – 13.00 Registrering og lunsj
Kl. 13.00 – 14.30 Opning
Kulturinnslag
Velkommen til Valdres v/Knut Torgersen, Regionrådsleiar i Valdres
Velkommen til Stølskonferansen v/Geir Grosberg, leiar i Norsk Seterkultur
- 10 min beinstrekk
Kl. 14.40 – 17.30 Tema: Reiseliv, mat og historie
Kl. 14.40 - 15.00 Tankar om stølsdrift v/Ingrid Arneng, budeie på Skjelstølen
Kl. 15.00 – 15.50 Kva kan stølane tilby?
Seterlandet Sunndal v/Stein Brubæk, Norsk Seterkultur
Turtilbod med fjelllukt og fjøslukt v/Cecilie Aurbakken, fagsjef i Norges Bondelag
- Kl. 15.50 – 16.20 Kaffipause
Kl. 16.20 - 16.50 "Nisjemat" – kome for å bli?
Uavklara kven som blir foredragshaldar
- Kl. 16.50 – 17.25 Kulturarven som opplevingstilbod
Hans Brimi og Ola Tangvik fra Brimi seter i Vågå
- Kl. 17.25 – 17.30 Avslutning dag 1. Praktiske beskjeder
Kl. 18.30 – 19.45 Middag
Orientering v/Quality Hotell & Resort Fagernes
Kl. 20.00 Kveldsvandring på Valdres Folkemuseum

Sundag 20. mai

- Konferansier: Geir Grosberg
Kl. 09.00 – 13.30 Tema: Visjonar for stølsdrifta
Kl. 09.00 – 09.15 Opning v/Fjellprest Eli Vatn
Kl. 09.15 – 09.35 Kulturlandskap og biologisk mangfald på stølane v/Tanaquil Enzensberger, vegetasjonskonulent.
- Kl. 09.35 – 10.00 Valdres Natur og Kulturpark v/Eivind Brenna, ordførar i Vestre Slidre
Kl. 10.00 – 10.15 Ein smak av Fjell-Noreg. Verknad av beite på mjølke- og kjøttkvalitet v/Tor Lunnan, forskar Bioforsk Løken
- Kl. 10.15 – 11.15 Stølsturisme og marknad
Ingebrigt Steen Jensen, profesjonell inspirator
Kaffipause
- Kl. 11.15 – 11.45 Visjonar og moglegheiter for stølinga i Noreg.
Kl. 11.45 – 13.15 10 min innleiing v/Anne Osland, leiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Paneldebatt med bl.a. Valdres natur- og kulturpark, Reiselivet, Norsk Seterkultur, Fylkesmannen i Oppland, Norsk Bonde- og Småbrukarlag.
Ordstyrar: Geir Grosberg
- Kl. 13.15 – 13.30 Avslutning
Kl. 13.30 – 14.30 Lunsj

PRISER:

Alt 1:
Full konferanse er (lunsj, konferanse middag 1.dag, konferanse og lunsj 2.dag) samt overnatting i dobbeltrom Kr.450,- Enkeltromstillegg Kr. 200,-


Alt 2:
1. dagspakke (lunsj og konferanse lørdag) Kr. 100,- + middag lørdag Kr. 200,-

Alt 3:
2. dagspakke (konferanse og lunsj søndag) Kr. 100,-

Påmelding med namn, telefon og e-postadresse, sendes SENEST 31.MARS 2007

Til: Norsk Seterkultur v/ Stein Brubæk, 6636 Angvik (mail : sbrubæk@c2i.net)
Påmelding er kun gyldig når betaling er registrert på kto.: 2367 20 51169

DET ER KUN DE 60 FØRSTE PÅMELDTE SOM ER GARANTERT Å FÅ DELTA.
For nærmere opplysninger, kontakt: Stein Brubæk tlf 71292732 / 915693259 eller Regionrådet for Valdres, tlf 61359450 v/ Guri Grønolen eller Katharina Sparstad



okranhjørn - Foto: © Vera Gjessan

FORMEL


FORMEL gir best tilpasning til beite

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

FORMEL Favor 28	Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.
FORMEL Favor 30	Til middels godt beite.
FORMEL Elite	Til middels beite og ønske om høy mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høy kraftfôrandel i fôrrasjonen.
FORMEL Favor 20	Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftfôrmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støtter Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma

Bli med i



Medlemskontingent 2007

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjon/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51 169